



Styre
Fakultetsstyret ved Det psykologiske fakultet

Arkivreferanse
2025/685
Styresak
72/25

Dokumentdato
08.10.2025
Møtedato
16.10.2025

Fullmaktsaker 16.10.2025 - styret ved Det psykologiske fakultet

1. Utlysning – universitetslektor (ekstraerverv) ved Institutt for klinisk psykolog (sak 25/11671)
2. Utlysning – stipendiat ved Institutt for helse, miljø og likeverd (HEMIL) (sak 25/11671)
3. Utlysning – forsker (midlertidig) ved Institutt for helse, miljø og likeverd (HEMIL) (sak 25/12181)
4. Utlysning – stipendiat ved Institutt for samfunnspsykologi (sak 25/5508)
5. Utlysning – forsker (midlertidig) i QUANTA ved Institutt for samfunnspsykologi (sak 25/11227)
6. Utlysning – forsker (midlertidig) i QUANTA ved Institutt for samfunnspsykologi (sak 25/11229)
7. Utlysning – forsker (midlertidig) i QUANTA ved Institutt for samfunnspsykologi (sak 25/11230)
8. Utlysning – LEAD AI postdoktor ved SLATE (sak 25/8008)
9. Komitéoppnevning – stipendiat ved Institutt for samfunnspsykologi (sak 25/5508)
10. Komitéoppnevning – LEAD AI postdoktor ved Det psykologiske fakultet (24/3747)
11. Oppnevning av ansettelsesutvalget for midlertidige undervisnings- og forskningsstillinger og rekrutteringsstillinger 2025 – 2029 (sak 13/3045)
12. Ph.d.-grad - oppnevning av bedømmelseskomité – Sóley Dröfn Davíðsdóttir (sak 2021/17149)
13. Ph.d.-grad - oppnevning av bedømmelseskomité – Nienke Böhm (sak 2022/9306)
14. Ph.d.-grad - oppnevning av bedømmelseskomité – Isabela Pires Darcie (sak 2020/4080)
15. Ph.d.-grad – Innstilling – oppnevning av opponenter – Kristine Sirevåg (sak 2017/2101)
16. Ph.d.-grad – Innstilling – oppnevning av opponenter – Amanda Iselin Olesen Andersen (sak 2022/11181)
17. Dr.philos.-grad – Innstilling – oppnevning av opponenter – Efthymios Papatzikis (sak 2024/5196)

Forslag til vedtak

Fakultetsstyret tar de vedlagte sakene til etterretning.

Stine Lehmann
dekan

Ove Chr. Borge
fakultetsdirektør

08.10.2025/Turid Høstmark



UNIVERSITETET I BERGEN

**Universitetet i
Bergen**
Det psykologiske
fakultet

Jobbnorge-ID: 286171

Søknadsfrist: 26.10.2025

Nettside: <https://www.uib.no/om/84775/ledige-stillinger-ved-uib>

Omfang: Heiltid

Varighet: Åremål

Universitetslektor (20 %, ekstraerverv) i klinisk psykologi ved Institutt for klinisk psykologi

UiB - Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://youtu.be/M5n6RnScNgA>

Universitetslektor

Institutt for klinisk psykologi, Det psykologiske fakultet har opptil 6 ledige ekstraerverv (varighet 2 år) som universitetslektor (20 %) i klinisk psykologi. Startdato for desse stillingane er 1. januar 2026

Instituttet har forskning og undervising innanfor kjerneområda i klinisk psykologi. Desse er grunnlaget når psykologar utøver yrket sitt i helsevesenet, innanfor både spesialisthelseteneste, førstelinje og lågterskeltilbod. Instituttet si forskning og kompetanse omfattar utgreiing og behandling av eit breitt spekter av psykiske lidningar. Instituttet skal utvikle og formidle kunnskap innanfor dei sentrale områda i evidensbasert, psykologisk behandling. Vidare har instituttet kompetanse om korleis ein kan gje slik behandling til alle aldersgrupper og innanfor ei breidde av sosiokulturelle kontekstar.

Ved Institutt for klinisk psykologi er det ein opplæringsklinikk som gjev studentane i profesjonsstudiet i psykologi opplæring i grunnleggjande kliniske ferdigheiter som psykolog. Behandling gjennomførast av psykologistudentar under rettleiing av psykologspesialist. Klinikken har over fleire tiår knytt til seg rettleiarar i førebels 20 % stillingar.

Vi leitar etter psykologspesialistar med engasjement for utdanning av framtidas psykologar. Som universitetslektor ved Institutt for klinisk psykologi vil du jobbe tett og klinikknært med opplæring av studentar i klinisk psykologi. Hovudvekt av arbeidet i stillinga vil innebere opplæring og rettleiing av studentar i det å utgreie, planleggje og gjennomføre psykologisk behandling. Den som verte tilsett vil vere sentral i studentanes utvikling som psykologar, og vil rettleie studentane gjennom deira internkliniske praksis. Vi har eit arbeidsmiljø som er prega av stor individuell friheit, og oppgåvene blir løyst gjennom samarbeid og dialog.

Arbeidsoppgåver:

Stillinga er knytt til undervising ved Institutt for klinisk psykologi, med spesielt knytt til ei av behandlingsseksjonane ved Psykologisk universitetsspoliklinikk: Seksjon for barn og ungdom I og II, Seksjon for unge og vaksne eller Seksjon for vaksne og eldre. Konkrete arbeidsoppgåver vil mellom anna vere:

- rettleiing av studentar innanfor internklinisk opplæring. Her inngår også direkte pasientkontakt og behandlingsansvar for pasientane studentane behandlar
- deltaking i seksjonsmøter, rettleiarmøter og kasespresentasjonar
- ta hand om og vidareutvikle Psykologisk universitetsspoliklinikk sitt kvalitetssikringssystem
- delta på og vere med å utvikle forskingsprosjekt knytt til Psykologisk universitetsspoliklinikk
- ved behov kan oppgåverettleiing, sensur og undervising bli aktuelt

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- søkjar må ha autorisasjon som psykolog i Noreg eller fylle krava til slik autorisasjon på søknadstidspunktet
- søkjar må vere ferdig utdanna psykologspesialist eller ha tilsvarande praksiserfaring og kompetanse på søknadstidspunktet.
- erfaring frå spesialisthelsetenesta vil bli vektlagt
- tidlegare erfaring frå rettleiing av studentar i klinisk praksis vil vere eit føremon. Annan rettleiarutdanning og relevant praktisk-pedagogisk kompetanse på grunnlag av utdanning eller undervising vil òg vege tungt.

- søker må kunne arbeide selvstendig og strukturert
- søker må ha gode kommunikasjons- og samarbeidsevner og må samarbeide godt med både kollegaer og studenter
- søker må mestre norsk munnleg og skriftleg
- personlege eigenskapar som er naudsynte for stillinga vil bli vektlagt

Tilsetjing skjer med atterhald om endringar i fagområde og arbeidsoppgåver som arbeidsgjevar måtte bestemme.

Vi tilbyr:

- Spannande og utviklande arbeidsoppgåver i et sterkt fagmiljø
- Faglege utfordringar med gode høve for personleg utvikling og kompetanseutvikling
- Universitetslektor/psykologspesialist (kode 1009) får ei bruttolønn på kr 733 000,-
- Medlemsskap i Statens pensjonskasse
- Gode [velferdsordningar](#)

Søknaden skal innehalde:

- Ei kort utgreiing om søkeren sin motivasjon for å søkje stillinga
- CV
- Vitnemål, autorisasjon og attestar
- Namn på to referansar med kontaktinformasjon
- Liste over klinisk erfaring og kompetanse
- Eventuell publikasjonsliste
- Liste med vedlegg som dokumenterer dine pedagogiske kvalifikasjonar

Vi gjer merksam på at søknadar vert vurderte med den informasjon og dei vedlegg som er lagt inn i JobbNorge når søknadsfristen går ut. Det er søker sitt ansvar å sørge for at all informasjon er lagt inn innan fristen.

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: Instituttleder Frøydis Morken 55586287 eller klinikkleder Endre Visted, 55588646

Mangfold er ein styrke og gjer at vi kan løyse oppgåvene våre endå betre. UiB treng difor kvalifiserte medarbeidarar uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og alder.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkeren kan bli gjort offentlege sjølv om søkeren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkeren varslast om dette.

Vi oppmodar søkerar med funksjonsnedsetjing, innvandrarbakgrunn eller hól i CV-en til å søke. Dersom du kryssar av for dette i søknaden kan du bli positivt særbehandla. Vi inviterer alltid minst ein kvalifisert søker frå kvar av desse gruppene til intervju. Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det psykologiske fakultet består av fem institutter og to senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Tilleggsinformasjon

Kontaktperson:

Endre Visted, klinikkleder

Telefon: +4755588646 | E-post: endre.visted@uib.no

Arbeidsstad:

Alrek helseklynge, Årstadveien 17 5009 Bergen (Bergen Kommune)



UNIVERSITETET I BERGEN

**Universitetet i
Bergen**
Det psykologiske
fakultet

Jobbnorge-ID: 286242

Søknadsfrist: 12.10.2025

Nettside: <https://www.uib.no/om/84775/ledige-stillinger-ved-uib>

Omfang: Heiltid

Varighet: Åremål

Stipendiatstilling i helsefremjande arbeid og helsepsykologi

UiB - Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://youtu.be/M5n6RnScNgA>

Stipendiatstilling ved Institutt for helse, miljø og likeverd (HEMIL)

Vi ønskjer deg velkommen til å søkje på ei interessant og utfordrande stilling ved Institutt for helse, miljø og likeverd (HEMIL), Det psykologiske fakultet, Universitetet i Bergen.

Instituttet har ledig ei stilling som stipendiat innan fagområda helsefremjande arbeid og helsepsykologi. Stillinga er for ein periode på 4 år med oppstart 01.02.2026 og knytt til det eksternt finansierte prosjektet «Trust and identity among European adolescents and emerging adults» ([ENGAGED Youth](#)). HEMIL er koordinator for prosjektet gjennom forskingsgruppa "[Social Influence Processes on Adolescent Health](#)" (SIPA).

Om prosjektet/arbeidsoppgåver:

ENGAGED Youth skal undersøkje ungdom og unge vaksne si interesse for og deltaking i demokratiprosessar i lokalsamfunnet, nasjonalt og internasjonalt både gjennom fysiske møter og på sosiale medieplattformer. Prosjektet skal også studere kva rolle sosial, kulturell og politisk identitet spelar for ungdom og unge vaksne sitt engasjement og deltaking i lokalsamfunnet og demokratiske prosessar. Gjennom prosjektet skal det samlast inn kvalitative og kvantitative data frå fem partnerland (England, Noreg, Portugal, Romania og Spania). Vidare skal ungdom i samarbeid med tre frivillige organisasjonar i England, Portugal og Spania utforme forslag til politikarar om kva tiltak som er viktige for å engasjere ungdom i lokalmiljøet og i demokratiske prosessar.

Fokusområdet for stipendiatstillinga vil vere knytt til betydninga av sosialt tilhøyre og identitet for demokratideltaking på ulike arenaer (som t.d sosiale medieplattformer, skule og fritid). Det vil vere aktuelt å bruke både nasjonale og internasjonale spørjeskjemadata i kombinasjon med kvalitative data. Ein fullstendig prosjektpplan, inklusivt forslag til plan for gjennomføring av ph.d.-utdanning/framdriftsplan utarbeidast i samråd med rettleiarar etter tilsetjing.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Søkjarar må ha oppnådd mastergrad eller tilsvarande i helsefremjande arbeid, folkehelse, psykologi eller anna område som er relevant for temaet for stillinga
- Karakteren B eller betre er rettleiande norm for hovud-/masteroppgåve, evt. som gjennomsnittskarakter for graden, i samband med opptak til doktorgradsutdanninga. Søkarar med svakare karakterbakgrunn vil kunne bli tatt opp dersom det kan dokumenterast at søkaren er særskilt eigna til ei ph.d.-utdanning
- Erfaring med kvantitative analyser er eit krav. Kjennskap til eller erfaring med kvalitative analyser er ein fordel
- Erfaring frå forskingsprosjektarbeid er ein fordel
- Gode formidlings- og kommunikasjonsferdigheiter
- Arbeide sjølvstendig og strukturert og ha gode samarbeidsevner
- Ha gode ferdigheiter i engelsk og norsk, både skriftleg og munnleg

For stillinga gjeldt følgande:

Om stipendiatstillinga: Samla stipendperiode er 4 år. Minst tre årsverk skal vere dedikert til doktorgradsarbeidet. Resten av tida blir sett av til anna karrierefremmande arbeid som skal bidra til at den tilsette kvalifiserer seg for relevante karrierar som krev forskingskompetanse.

Undervisninga i stillinga vil vere knytt til Masterprogrammet i helsefremjande arbeid og helsepsykologi. Det er venta at kandidaten bidrar i arbeidet knytta til forskningsgruppa SIPA.

Om forskarutdanninga: Som stipendiat skal du delta i eit godkjent utdanningsprogram for ein ph.d.- grad innanfor ei tidsramme på 3 år. Det er ein føresetnad at du fyller krava for opptak til ph.d.- studiet ved Universitetet i Bergen. Ved vurdering av kvalifikasjonane dine for stillinga vil du også verte vurdert iht krava for opptak til den organiserte forskarutdanninga ved Det psykologiske fakultet.

Vi tilbyr:

- Spannande og utviklande arbeidsoppgåver i et sterkt fagmiljø
- Løn etter hovudtariffavtalane i staten. Dette utgjer ei årsløn på kr 568 700. brutto. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. For søkjarar med spesialistutdanning kan høgare løn bli vurdert
- Medlemsskap i Statens pensjonskasse
- [Gode velferdsordningar](#)

Søknaden skal innehalde:

- Ei kort utgreiing om søkjaren sine forskingsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga
- CV
- Prosjektskisse med forslag til tematisk fokus og metodisk tilnærming (maks 5 sider, inkl. referanseliste)
- Namn og kontaktopplysingar til to referansepersonar, ein av desse må vere hovudrettleiaren frå masteroppgåva eller tilsvarande oppgåve.
- Karakterutskriftar og vitnemål (all høgare utdanning)
- Søkjarar med utanlandsk utdanning må leggje ved sertifisert omsetjing til engelsk eller skandinavisk dersom originalvitnemålet og karakterutskriftene ikkje er på eit av desse språka. Søkjar må i tillegg leggje ved NOKUT si generelle godkjenning av høgare utdanning
- Relevante attestar
- Eventuell liste over vitenskaplege arbeid (publikasjonsliste)
- Eventuelle publikasjonar

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i Jobbnorge. Vi gjer merksam på at søknader vert vurderte med den informasjonen og dei vedlegga som er knytt til søknaden i Jobbnorge når søknadsfristen går ut. Det er søkjar sitt ansvar å sørje for at all informasjon er lagt inn innan fristen. Det er sær s viktig at kvart av dei vitenskaplege arbeida som det skal takast omsyn til ved vurderinga, i sin heilskap vert lasta opp som vedlegg til søknaden.

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: Professor Oddrun Samdal, oddrun.samdal@uib.no, mobil 97070904

UiB er underlagd regelverket for eksportkontroll, og regelverket gjeld ved behandling av søknadar til stillinga.

Mangfold er ein styrke og gjer at vi kan løyse oppgåvene våre endå betre. UiB treng difor kvalifiserte medarbeidarar uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og alder.

Vi oppmodar menn om å søkje. Dersom fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld reglane for moderat kjønnskvoltering.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Vi oppmodar søkjarar med funksjonsnedsetjing, innvandrarbakgrunn eller hól i CV-en til å søke. Dersom du kryssar av for dette i søknaden kan du bli positivt særbehandla. Vi inviterer alltid minst ein kvalifisert søkjar frå kvar av desse gruppene til intervju. Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Livet som ph.d.-kandidat ved UiB

Astrid Nybø forteller om livet og arbeidshverdagen som ph.d.-kandidat ved UiB.

Video: <https://www.youtube.com/watch?v=Eo3Z63yzkKA&list=PLf8ZIYfAO0qjhROTj6SthDbSScg0ISO6G&index=5>

Kunnskap som formar samfunnet

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det psykologiske fakultet består av fem institutter og to senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Tilleggsinformasjon

Arbeidsstad:

Christiesgate 13 5015 Bergen (Bergen Kommune)



Jobbnorge-ID: 287489

Søknadsfrist: 26.10.2025

Nettside: <https://www.uib.no/om/84775/ledige-stillinger-ved-uib>

Omfang: Heiltid

Varighet: Vikariat/mellombels

Forskar (mellombels) med doktorgrad

Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://youtu.be/M5n6RnScNgA>

Forskar

Ved Institutt for helse, miljø og likeverd (HEMIL), Det psykologiske fakultet, Universitetet i Bergen er det ledig ei stilling som forskar (100 %) med doktorgrad med vekt på å kvalitetssikre og analysere surveydata innan fagfeltet helsefremjande arbeid og helsepsykologi.

Stillinga er for ein periode på to år og er knytt til prosjektet «Trust and identity among European adolescents and emerging adults» (ENGAGED Youth) finansiert av Horisont Europa. HEMIL er koordinator for prosjektet gjennom forskingsgruppa "[Social Influence Processes on Adolescent Health](#)" (SIPA)

Om prosjektet/arbeidsoppgåver:

ENGAGED Youth skal undersøkje kva rolle sosial, kulturell og politisk identitet spelar for ungdom og unge vaksne sitt engasjement og deltaking i lokalsamfunnet og demokratiske prosessar. Gjennom prosjektet skal det validerast og samlast inn kvalitative og kvantitative data frå fem partnerland (England, Noreg, Portugal, Romania og Spania). I tillegg eksisterer det data frå perioden 2002-2022 i over 30 land i studien «Health Behaviour in School-aged Children» (HBSC) som skal analyserast for å undersøkje trendar i ungdoms deltaking i lokalmiljø og demokrati, og å forstå korleis endringar i sosiale ressursar i heim, skule og fritid heng saman med desse trendane.

Arbeidsoppgåver:

- Analysere internasjonale trenddata for 11-, 13- og 15-åringar i perioden 2002-2026 og longitudinelle data for elevar i vidaregåande skule og frå 13-40 år gjennom statistiske teknikkar for fleirnivådata og strukturelle likningsmodellar.
- Kvalitetssikre surveydata gjennom å reinske, strukturere og standardisere dataene og tilhøyrande metadata.
- Koordinere norske og internasjonale datainnsamlingar, mellom anna knytt til valideringsstudiar, frå førebuing av spørreskjema til analyse og rapportering av resultat
- Bidra i publisering i nasjonale rapportar og vitenskaplege tidsskrift
- Bidra til gode presentasjonar av funn frå studiane
- Bidra til å vidareutvikle vitenskapleg samarbeid nasjonalt og internasjonalt, med særleg fokus på metodeutveksling og samordning av måleinstrument med relevante forskingsmiljø i Europa og Nord-Amerika
- Bidra til instituttet og forskingsgruppa SIPA sine øvrige oppgåver

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

Det er eit krav med:

- Doktorgrad innan psykologi, folkehelse, helsefremjande arbeid, samfunnsvitenskap eller anna område som er relevant for temaet for stillinga
- Publisering i internasjonale vitenskaplege tidsskrift dei siste fem åra
- Sterk kvantitativ metodekompetanse
- God skriftleg og munnleg formidlingsevne på norsk og engelsk

Det er ein fordel med:

- Erfaring med utvikling og validering av måleinstrument i surveyundersøkingar
- Erfaring med analyser av fleirnivådata, strukturelle likningsmodellar og longitudinelle data

Personlege eigenskapar:

- Evne til å jobbe sjølvstendig og strukturert
- Evne til å samarbeide med lokalt og internasjonale tverrfaglege miljø
- Evne til å formidle komplekse faglege problemstillingar og dataanalyser på ein klar og effektiv måte
- Personleg eigna

Vi kan tilby:

- Ein interessant jobb innan eit spennande og viktig fagfelt, med gode høve til fagleg utvikling
- Varierte arbeidsoppgåver i eit triveleg og sterkt tverrfagleg miljø
- Løn med ei brutto årsløn på kr 657 000,- (kode 1109) ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn
- Medlemsskap i Statens pensjonskasse
- Gode [velferdsordningar](#)

Søknaden skal innehalde:

- Ei kort utgreiing om forskingsinteressene dine og motivasjonen for å søkje stillinga (maks. 2 sider).
- Namn og kontaktopplysningar til to referansepersonar. Ein av desse bør vere hovudrettleiaren frå doktorgradsutdanninga.
- CV
- Karakterutskrifter og vitnemål
- Attesterte kopiar av vitnemål og relevante attestar (Søkjarar med utanlandsk utdanning må leggje ved både vitnemål på originalspråket og autoriserte omsetjingar)
- Publikasjonar, vitskaplege arbeid som du ønskjer at det skal verte teke omsyn til ved vurderinga (maksimalt ti 10, opplasta til Jobbnorge) og ei liste over desse

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: Professor Oddrun Samdal, prosjektleiar oddrun.samdal@uib.no; tlf. 97 07 09 04

Mangfold er ein styrke og gjer at vi kan løyse oppgåvene våre endå betre. UiB treng difor kvalifiserte medarbeidarar uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og alder.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Vi oppmodar søkjarar med funksjonsnedsetjing, innvandrarakgrunn eller hól i CV-en til å søke. Dersom du kryssar av for dette i søknaden kan du bli positivt særbehandla. Vi inviterer alltid minst ein kvalifisert søkjar frå kvar av desse gruppene til intervju. Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det psykologiske fakultet består av fem institutter og to senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Tilleggsinformasjon

Kontaktperson:

Oddrun Samdal, Professor, prosjektleiar
Telefon: +4797070904 | E-post: oddrun.samdal@uib.no

Arbeidsstad:

Årstadveien 17 5009 Bergen (Bergen Kommune)



Jobbnorge-ID: 280431

Søknadsfrist: 08.06.2025

Nettside: <https://www.uib.no/om/84775/ledige-stillinger-ved-uib>

Omfang: Heiltid

Varighet: Åremål

Stipendiat i kulturell og kognitiv evolusjon ved Institutt for samfunnspsykologi

UiB - Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://youtu.be/vtJLmcUJ3-w>

Stipendiat

Det er ledig ei stipendiatstilling i kulturell og kognitiv evolusjon ved Institutt for samfunnspsykologi, Det psykologiske fakultet, Universitetet i Bergen (UiB). Stillinga er knytt til det NFR-finansierte SapienCE Senter for Fremragende Forsking, Centre for Early Sapiens Behaviour. Stillinga er for ein åremålsperiode på tre år med moglegheit for eit fjerde år som består av karrierefremmande arbeid (t.d. undervisningsoppgåver ved instituttet). Stillinga er finansiert av Det psykologiske fakultet, Universitetet i Bergen.

Om prosjektet/arbeidsoppgåver:

- SapienCE Senter for Fremragende Forsking, etablert i 2017, fokuserer på åtferdsopphavet til Homo sapiens i Sør-Afrika mellom 100 000 og 50 000 år sidan. Hovudmålet er å avdekke kvar, når og kvifor tidlege menneske byrja å tenkje og oppføre seg slik vi gjer i dag, ved å kombinere arkeologiske utgravingar og datering med klimamodellering på den eine sida og forskning på menneskeleg kognisjon og sosialitet på den andre.
- Stipendiatstillinga vil vere ein del av eit tverrfagleg prosjekt med mål om å undersøkje den kognitive og sosiale åtferda (som tileigning, organisering og overføring av kunnskap, gjenkjenningsprosessar, eller risikovurdering og avgjerdstaking under usikkerheit) involvert i å finne, vurdere og utnytte matkjelder. Stipendiatprosjektet vil knytast til pågåande forskning på rolla til sopp for kulturell og kognitiv evolusjon.
- Avhengig av kandidatens ekspertise og interesser, kan dette utvidast i ei av fleire retningar, inkludert:
 - psykologiske eksperiment på risikovurdering og avgjerdstaking under usikkerheit
 - overføringskjede (transmission chain) studiar på korleis kunnskap, haldningar og verdiar endrar seg over tid og under kva faktorar
 - fylogenetiske analysar av evolusjonære banar på tvers av kulturar
- Hovudrettleiar vil vere Prof. Dr. Andrea Bender (UiB); medrettleiar vil bli bestemt avhengig av spesialiseringa vald av kandidaten.

[Meir informasjon om SapienCE er tilgjengeleg på denne nettsida.](#)

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- På søknadstidspunktet må søkjaren ha mastergrad eller tilsvarande i psykologi eller eit relatert felt med fokus på kognisjon, som antropologi, arkeologi, biologi eller kognitiv vitskap.
- For opptak til doktorgradsprogrammet krevst normalt karakter B eller høgare på masteroppgåva.
- Søkjaren må ha ekspertise i minst ein systematisk og analytisk metodologi, som:
 - å designe, gjennomføre og analysere kognitive eller sosialpsykologiske eksperiment (ideelt sett i konteksten av tverrkulturell og/eller tverrspråkleg forskning)
 - kulturelle overføringsstudiar (transmission chain-studies)
 - antropologisk feltarbeid med fokus på etnomykologi eller etnobiologi
 - storskala (etnografisk) databasekonstruksjon
 - fylogenetiske komparative analysar med Bayesianske rekneverktøy
- Søkjaren må ha evne til å arbeide sjølvstendig og strukturert og må vere villig og i stand til å samarbeide med andre. Erfaring med tverrfagleg samarbeid er spesielt ønskjeleg og vil bli sett på som ein fordel.
- Høg ferdigheit i både skriftleg og munnleg engelsk er påkravd.
- Brei vitskapleg interesse utover søkjarens eige felt er forventa. Kjennskap til forskning på kulturell og kognitiv evolusjon, risikovurderingar og/eller matpsykologi vil bli sett på som ein fordel.

Personlege og relasjonelle eigenskapar vil bli vektlagt. Forskingserfaring, ambisjonar og potensial vil også telje ved evaluering av kandidatane.

UiB er underlagd regelverket for eksportkontroll og regelverket gjeld ved behandling av søknadar til stillinga. Dersom UiB ikkje har mottatt svar på søknad om eksportlisens innan 6-12 veker, vil eit eventuelt tilbod om tilsetjing annullerast.

For stillinga gjeldt følgande:

Om stipendiatstillinga: Samla stipendperiode er tre år, med høve til eit fjerde år som består av karrierefremmande arbeid (til dømes undervising) fordelt med 25 % over tilsetjingsperioden. Dette avheng av kandidaten sine kvalifikasjonar og instituttet sitt behov for undervising, og vert avgjort av instituttleiaren ved tilsetjing. Ingen kan vere tilsett som stipendiat i meir enn ein årsmålsperiode ved same institusjon. Arbeidsstad er Bergen, Noreg.

Om ph.d.-utdanninga: Som stipendiat må du gjennomføre ph.d.-programmet ved Det psykologiske fakultet innan ei tidsramme på 3 år. Ved vurdering av dine kvalifikasjonar til stillinga vil du også bli vurdert for opptak til ph.d.-programmet ved Det psykologiske fakultet.

Meir om ph.d.-utdanninga ved Det psykologiske fakultet [finn du her](#).

Vi tilbyr:

- Spennande og utviklande arbeidsoppgåver i eit sterkt fagmiljø
- Brutto årsløn som stipendiat (kode 1017) kr 541 800. Vidare opprykk skjer etter stillingsansiennitet. For søkjarar med spesialistutdanning kan høgare lønn bli vurdert.
- Medlemsskap i Statens pensjonskasse
- [Gode velferdsordningar](#)

Søknaden skal innehalde:

- Ei kort utgreiing om dine forskingsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga. Dette skal inkludere eit avsnitt om korleis kvalifikasjonskriteria som er nemnde ovanfor, blir oppfylte, og eit avsnitt om korleis dine forskingsinteresser er relevante for den utlyste stillinga.
- Namn og kontaktopplysningar til to referansepersonar, ein av desse må vere hovudrettleiaren frå masteroppgåva eller tilsvarande oppgåve.
- CV (på engelsk)
- Karakterutskrift og vitnemål (all høgare utdanning)
- Søkjarar med utanlandsk utdanning må leggje ved sertifisert omsetjing til engelsk eller skandinavisk dersom originalvitnemålet og karakterutskriftene ikkje er på eit av desse språka.
- Viktig: Søkjarar med utanlandsk utdanning må i tillegg legge ved [HK-dir](#) (eller NOKUT) si generelle godkjenning av høgare utdanning. Vi gjer merksam på at dette kan ta noko tid og at søknad om vurdering bør sendast så snart du veit du vil søkje stipendiatstillinga. Dersom du ikkje har fått svar innan søknadsfristen, legg du ved dokumentasjon frå HK-dir om at dei har mottatt søknaden din. Nokon utdanningar frå utvalde land er automatisk godkjent. Sjekk denne sida for kva utdanningar det gjeld: [Automatisk godkjenning - et raskere alternativ | HK-dir \(hkdir.no\)](#) Dersom dette gjeld deg, må du laste ned godkjenninga og legge den ved søknaden.
- Relevante attestar
- Liste over eventuelle vitenskaplege arbeid (publikasjonar, konferanseposter, innlegg osv.)
- Publikasjonar i ditt namn som du ønsker å inkludere i søknaden (inkludert di masteroppgåve eller tilsvarande)

Vi gjer merksam på at søknader vert vurdert med den informasjonen og dei vedlegg som er knytt til søknaden i JobbNorge når søknadsfristen går ut. Vedlegga må vere på engelsk eller eit skandinavisk språk, og eventuelle omsetjingar må vere attesterte. Det er søkjar sitt ansvar å sørje for at all informasjon er lagt inn innan fristen.

Det er særskilt viktig at kvart av vedlegga som det skal takast omsyn til ved vurdering i sin heilskap vert lasta opp som vedlegg til søknaden.

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

- Andrea Bender, Institutt for samfunnspsykologi, Det psykologiske fakultet, Universitetet i Bergen, Andrea.Bender@uib.no Tlf.: 55 58 90 81

Mangfold er ein styrke og gjer at vi kan løyse oppgåvene våre endå betre. UiB treng difor kvalifiserte medarbeidarar uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og alder.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsegn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Vi oppmodar søkjarar med funksjonsnedsetjing, innvandrarbakgrunn eller hól i CV-en til å søke. Dersom du kryssar av for dette i søknaden kan du bli positivt særbehandla. Vi inviterer alltid minst ein kvalifisert søkjar frå kvar av desse gruppene til intervju. Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Livet som ph.d.-kandidat ved UiB

Astrid Nybø forteller om livet og arbeidshverdagen som ph.d.-kandidat ved UiB.

Video: <https://www.youtube.com/watch?v=Eo3Z63yzkKA&list=PLf8ZIYfAO0qjhROTj6SthDbSScg0ISO6G&index=5>

Kunnskap som formar samfunnet

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det psykologiske fakultet består av fem institutter og to senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Tilleggsinformasjon

Kontaktperson:

Andrea Bender, Professor

Telefon: +47 55589081 | E-post: andrea.bender@uib.no

Arbeidsstad:

Christiesgate 12 5015 Bergen (Bergen Kommune)



Jobbnorge-ID: 286794

Søknadsfrist: 31.10.2025

Nettside: <https://www.uib.no/om/84775/ledige-stillinger-ved-uib>

Omfang: Heiltid

Varighet: Vikariat/mellombels

Forskar i lingvistisk antropologi - språk og kultur i Amazonas

Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://youtu.be/M5n6RnScNgA>

Forskar

Universitetet i Bergen (UiB), lyser ut ei stilling som forskar innan lingvistisk antropologi, med spesialisering i språk og kultur i Amazonas.

Stillinga er lagt til Institutt for samfunnspsykologi ved Det psykologiske fakultet, og er midlertidig frå 1. januar 2026 til 31. desember 2027. Stillinga inngår i prosjektet «[Evolution of Cognitive Tools for Quantification \(QUANTA\)](#)», som er finansiert av European Research Council (ERC) gjennom eit Synergy Grant til Andrea Bender (UiB), Rafael Núñez (ETH Zürich, frå 1. oktober 2025 ved UiB), Francesco d'Errico (CNRS Bordeaux) og Russell Gray (MPI, Evolutionary Anthropology, Leipzig).

Om prosjektet/arbeidsoppgåver:

- QUANTA-prosjektet er eit multinasjonalt og tverrfagleg prosjekt som undersøker når, kvifor og korleis menneske utvikla talsystem, og kvifor desse varierer så mykje mellom ulike kulturar. Prosjektet samlar forskarar frå fleire fagområde og institusjonar i studiet av framveksten av menneskeleg kvantifisering, telling og numeriske evner.
- QUANTA er eit seksårig prosjekt som starta i september 2021. Det er no lokalisert ved tre institusjonar — UiB, CNRS Bordeaux og MPI EVA Leipzig — som samarbeider tett og regelmessig. Det er moglegheit for alle forskarar i prosjektet med forskingsopphald ved dei andre institusjonane i prosjektet.
- Forskaren som blir tilsett vil vere ein del av UiB-eininga og ha arbeidsstad i Bergen (Noreg).
- Forskaren vil ha ansvar for å undersøkje i detalj kvantifisering og talsystem i språk og kultur i Amazonas (Amazonas-bassenget).
- Hovudrettleiar for denne forskarstillinga vil vere Dr. Rafael Núñez (for tida ved ETH Zürich, frå 1. oktober 2025 ved UiB).

Meir informasjon om forskingsprosjektet finn du på nettsida: <https://quanta-synergy.org>

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Søkjarar må ha doktorgrad i lingvistisk antropologi (eller nærliggande fagfelt) før oppstart ved UiB.
- Søkjarar må ha kompetanse og dokumentert erfaring innan lingvistisk antropologi, med eit tydeleg fokus på studium av språk eller kultur i Amazonas.
- Erfaring frå feltarbeid er sterkt ønskt og vil bli rekna som ei verdifull erfaring.
- Søkjarar må kunne arbeide sjølvstendig og strukturert, og må vere villig og i stand til å samarbeide med andre. Erfaring med tverrfagleg samarbeid er særleg ønskeleg og vil bli rekna som ein fordel.
- Brei vitskapleg interesse utover eige fagfelt er forventa. Kjennskap til forskning innan numerisk kognisjon og/eller kulturell og kognitiv evolusjon vil bli rekna som ein fordel.
- Særs god engelskkunnskap, både munnleg og skriftleg engelsk, er påkravd.
- Språkferdigheiter i portugisisk og/eller spansk er sterkt ønskt.
- Personlege og relasjonelle eigenskapar vil bli vektlagde. Forskingserfaring, ambisjonar og potensial vil òg telje i vurderinga av kandidatane.

Vi kan tilby:

- Spennande og utviklande arbeidsoppgåver i eit sterkt fagmiljø
- Forskings- og reisemidlar
- Tilgang til vårt internasjonale nettverk av samarbeidspartnarar
- Eit venleg og ope forskingsmiljø

- Brutto årsløn som forskar (kode 1109) kr 657 000. Vidare opprykk skjer etter stillingsansiennitet. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn
- Medlemsskap i Statens pensjonskasse
- Gode [velferdsordningar](#)

UiB er underlagd regelverket for eksportkontroll og regelverket gjeld ved behandling av søknadar til stillinga. Dersom UiB ikkje har mottatt svar på søknad om eksportlisens innan 6-12 veker, vil eit eventuelt tilbod om tilsetjing annullerast.

Søknaden skal innehalde:

- Ei kort utgreiing om forskingsinteressene dine, inkludert motivasjonen for å søkje, og korleis desse interessene samsvarar med den utlyste stillinga og dei overordna måla for QUANTA-prosjektet.
- Eit samandrag på éi side av doktoravhandlinga di (inntil 3 500 teikn).
- Ei framstilling på to sider av idear om korleis du kan bidra til forskinga som er spesifisert i stillinga, og til QUANTA-prosjektet generelt.
- CV
- Attesterte kopiar av vitnemål og karakterutskrifter, samt relevante diplom/sertifikat. (Søkjarar med utdanning frå land utanfor Skandinavia eller ikkje-engelskspråklege land må leggje ved vitnemål på både originalspråket og attesterte omsetjingar til engelsk.)
- Namn og kontaktinformasjon til to referansepersonar
- Fullstendig publikasjonsliste
- Liste over vitskapelege arbeid som du meiner bør takast med i vurderinga av søknaden, inkludert informasjon om kvar arbeida er publiserte.
- Kopiar av dei to til tre mest relevante vitskapelege publikasjonane som du meiner bør vurderast.

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i Jobbnorge.

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

- Dr. Rafael Núñez, ETH Zürich, rafael.nunez@gess.ethz.ch
- prosjektkoordinator i QUANTA Linn Solvang Aarvik, linn.aarvik@uib.no

Mangfold er ein styrke og gjer at vi kan løyse oppgåvene våre endå betre. UiB treng difor kvalifiserte medarbeidarar uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og alder.

Vi oppmodar menn om å søkje. Dersom fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld reglane for moderat kjønnskvolter.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskapelege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Vi oppmodar søkjarar med funksjonsnedsetjing, innvandrarakgrunn eller hól i CV-en til å søke. Dersom du kryssar av for dette i søknaden kan du bli positivt særbehandla. Vi inviterer alltid minst ein kvalifisert søkjar frå kvar av desse gruppene til intervju. Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det psykologiske fakultet består av fem institutter og to senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Tilleggsinformasjon

Kontaktpersonar:

- Rafael Núñez, forskar og PI i QUANTA
Telefon: | E-post: rafael.nunez@gess.ethz.ch
- Linn Solvang Aarvik, prosjektkoordinator i QUANTA
Telefon: | E-post: linn.aarvik@uib.no

Arbeidsstad:

Christiesgate 12 5015 Bergen (Bergen Kommune)



Jobbnorge-ID: 286797

Søknadsfrist: 31.10.2025

Nettside: <https://www.uib.no/om/84775/ledige-stillinger-ved-uib>

Omfang: Heiltid

Varighet: Vikariat/mellombels

Forskar i lingvistisk antropologi - språk og kulturar til aboriginar i Australia

Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://youtu.be/M5n6RnScNgA>

Forskar

Universitetet i Bergen (UiB), lyser ut ei stilling som forskar innan lingvistisk antropologi, med spesialisering i språk og kulturar til aboriginar i Australia.

Stillinga er lagt til Institutt for samfunnspsykologi ved Det psykologiske fakultet, og er midlertidig frå 1. januar 2026 til 31. desember 2027. Stillinga inngår i prosjektet «[Evolution of Cognitive Tools for Quantification \(QUANTA\)](#)», som er finansiert av European Research Council (ERC) gjennom eit Synergy Grant til Andrea Bender (UiB), Rafael Núñez (ETH Zürich, frå 1. oktober 2025 ved UiB), Francesco d'Errico (CNRS Bordeaux) og Russell Gray (MPI, Evolutionary Anthropology, Leipzig).

Om prosjektet/arbeidsoppgåver:

- QUANTA-prosjektet er eit multinasjonalt og tverrfagleg prosjekt som undersøker når, kvifor og korleis menneske utvikla talsystem, og kvifor desse varierer så mykje mellom ulike kulturar. Prosjektet samlar forskarar frå fleire fagområde og institusjonar i studiet av framveksten av menneskeleg kvantifisering, telling og numeriske evner.
- QUANTA er eit seksårig prosjekt som starta i september 2021. Det er no lokalisert ved tre institusjonar — UiB, CNRS Bordeaux og MPI EVA Leipzig — som samarbeider tett og regelmessig. Det er moglegheit for alle forskarar i prosjektet med forskingsopphald ved dei andre institusjonane i prosjektet.
- Forskaren som blir tilsett vil vere ein del av UiB-eininga og ha arbeidsstad i Bergen (Noreg).
- Forskaren skal ha ansvar for å undersøkje i detalj kvantifisering og talsystem i språk og kulturar til aboriginar i Australia (inkludert materielle gjenstandar som til dømes meldingspinnar).
- Hovudretteleiar for denne forskarstillinga vil vere Dr. Rafael Núñez (for tida ved ETH Zürich, frå 1. oktober 2025 ved UiB).

Meir informasjon om forskingsprosjektet finn du på nettsida: <https://quanta-synergy.org>

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Søkjarar må ha doktorgrad i lingvistisk antropologi (eller nærliggande fagfelt) før oppstart ved UiB.
- Søkjarar må ha kompetanse og dokumentert erfaring innan lingvistisk antropologi, med eit tydeleg fokus på studium av språk eller kulturar til australske aboriginar.
- Erfaring frå feltarbeid er sterkt ønskt og vil bli rekna som ei verdifull erfaring.
- Søkjarar må kunne arbeide sjølvstendig og strukturert, og må vere villig og i stand til å samarbeide med andre. Erfaring med tverrfagleg samarbeid er særleg ønskeleg og vil bli rekna som ein fordel.
- Brei vitskapleg interesse utover eige fagfelt er forventa. Kjennskap til forskning innan numerisk kognisjon og/eller kulturell og kognitiv evolusjon vil bli rekna som ein fordel.
- Sørs god engelskkunnskap, både munnleg og skriftleg engelsk, er påkravd.
- Personlege og relasjonelle eigenskapar vil bli vektlagde. Forskingserfaring, ambisjonar og potensial vil òg telje i vurderinga av kandidatane.

Vi kan tilby:

- Spennande og utviklande arbeidsoppgåver i eit sterkt fagmiljø
- Forskings- og reisemidlar

- Tilgang til vårt internasjonale nettverk av samarbeidspartnarar
- Eit venleg og ope forskingsmiljø
- Brutto årsløn som forskar (kode 1109) kr 657 000. Vidare opprykk skjer etter stillingsansiennitet. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn
- Medlemsskap i Statens pensjonskasse
- Gode [velferdsordningar](#)

UiB er underlagd regelverket for eksportkontroll og regelverket gjeld ved behandling av søknadar til stillinga. Dersom UiB ikkje har mottatt svar på søknad om eksportlisens innan 6-12 veker, vil eit eventuelt tilbod om tilsetjing annullerast.

Søknaden skal innehalde:

- Ei kort utgreiing om forskingsinteressene dine, inkludert motivasjonen for å søkje, og korleis desse interessene samsvarar med den utlyste stillinga og dei overordna måla for QUANTA-prosjektet.
- Eit samandrag på éi side av doktoravhandlinga di (inntil 3 500 teikn).
- Ei framstilling på to sider av idear om korleis du kan bidra til forskinga som er spesifisert i stillinga, og til QUANTA-prosjektet generelt.
- CV
- Attesterte kopiar av vitnemål og karakterutskrifter, samt relevante diplom/sertifikat. (Søkjarar med utdanning frå land utanfor Skandinavia eller ikkje-engelskspråklege land må leggje ved vitnemål på både originalspråket og attesterte omsetjingar til engelsk.)
- Namn og kontaktinformasjon til to referansepersonar
- Fullstendig publikasjonsliste
- Liste over vitskapelege arbeid som du meiner bør takast med i vurderinga av søknaden, inkludert informasjon om kvar arbeida er publiserte.
- Kopiar av dei to til tre mest relevante vitskapelege publikasjonane som du meiner bør vurderast.

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i Jobbnorge.

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

- Dr. Rafael Núñez, ETH Zürich, rafael.nunez@gess.ethz.ch
- Prosjektkoordinator i QUANTA Linn Solvang Aarvik, linn.aarvik@uib.no

Mangfold er ein styrke og gjer at vi kan løyse oppgåvene våre endå betre. UiB treng difor kvalifiserte medarbeidarar uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og alder.

Vi oppmodar menn om å søkje. Dersom fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld reglane for moderat kjønnskvotering.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskapelege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Vi oppmodar søkjarar med funksjonsnedsetjing, innvandrarakgrunn eller hól i CV-en til å søke. Dersom du kryssar av for dette i søknaden kan du bli positivt særbehandla. Vi inviterer alltid minst ein kvalifisert søkjar frå kvar av desse gruppene til intervju. Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det psykologiske fakultet består av fem institutter og to senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Tilleggsinformasjon

Arbeidsstad:

Christiesgate 12 5015 Bergen (Bergen Kommune)



Jobbnorge-ID: 286799

Søknadsfrist: 31.10.2025

Nettside: <https://www.uib.no/om/84775/ledige-stillinger-ved-uib>

Omfang: Heiltid

Varighet: Vikariat/mellombels

Forskar i matematikk og kognitiv vitskap

Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

